

## Innvik - Nyhende

### Filmstudio i fjøsen

## Kyrne ut - smalfilmen inn

Av *Fjordingen*

Kyrne er borte for lenge sidan. I dag er det filmkamera som surrar og går i fjøsen til Larsbruket på Hilde i Innvik. Båsane er borte, men på benkane står topp moderne utstyr for digitalisering av gamle filmar.

- Det er viktig å sjå framover, men slagordet mitt er at vi skal ta vare på fortida for framtida. Det løyner seg mykje god historie i åttmillimetersfilmene frå 50 - 60 og 70 åra. Ei historie som snart vil vere borte om filmene ikkje vert tekne vare på, seier Steinar Hilde. Han tek oss med inn i det nye "fjøsrommet" som er bygt om for digitalisering av film og bilde. Her er han i ferd med å skape seg ein heilårsarbeidsplass i den gamle fjøsen. Han ser ikkje bort ifrå at det kan bli fleire arbeidsplassar med tida.

Les og sjå bilda på [www.fjordingen.no](http://www.fjordingen.no) eller heile saka i *Fjordingen* fredag 10. februar 2012, side 10 og 11. *Fjordingen* kan også kjøpast i laussalg gjennom nettstaden [www.buyandread.com](http://www.buyandread.com).

Foto *Vikanenett*



For meir informasjon sjå heimesida til Steinar Hilde på [www.filmdigitalisering.no](http://www.filmdigitalisering.no).

(Sist oppdatert 10.februar 2012, 13:39)